



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Hjelpemiddelsentralen, Førde</b>
<b>Møtedato</b>	<b>14.06.2019</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15.00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

Erlend Haugen Herstad  
Odd Atle Stegegjerdet  
Anita Æsøy  
Bente Underthun  
Magnus Strand

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemmer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:**

Frank Tore Farsund Tveit

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå møtet 13.02.2019 vart underskriven.

## **SAK 6/19      Skriv og meldingar - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 14. juni 2019**

**Det låg føre slik tilråding til vedtak:**

**Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram i møtet:**

### **Meldesak 1) Kartlegging av tilgjengelegheit ved fiskeplassar**

Fylkeskommunen har fått midlar frå kartverket til å kartlegge tilgjengelegheit og universell utforming ved utvalde fiskeplassar i fylket. Tilskotet er på 75 000 kr og det er fylkeskommunen sjølv som skal gjennomføre kartlegginga. Tilskotsbrevet ligg ved.

Konklusjon: Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til vitande.

### **Meldesak 2) Regjeringas strategi for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne**

Regjeringa har utarbeidd ein ny strategi for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne for perioden 2020-2030, «Et samfunn for alle». I løpet av 2019 skal dei utarbeide ein handlingsplan som skal følgje strategien. Strategidokumentet ligg ved.

Konklusjon: Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å gje høyringsuttale når det vert opna for det. Fylkesrådet ber sekretær om å følgje opp når eit høyringsutkast er klart.

### **Meldesak 3) Årsmelding frå Pasient- og brukarombodet for 2018**

Årsmeldinga finn de vedlagt. I årsmeldinga omtalar pasient- og brukarombodet nokre av dei erfaringane dei har gjort seg i året som har gått.

Konklusjon: Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har hatt årsmelding frå Pasient- og Brukarombodet til orientering.

Fylkesrådet har følgjande uttale om årsmeldinga: «Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane er positive til at Pasient og Brukarombodet er eit aktivt ombod». Fylkesrådet ber sekretær om å vidareformidle uttalen til leiar for Pasient og brukarombodet i Sogn og Fjordane.

### **Meldesak 4) Årsrapport for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018**

Årsrapporten finn de vedlagt.

Konklusjon: Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek årsrapporten til vitande. Fylkesrådet ynskjer å få nokre eksemplar i utskreven form. Fylkesrådet ber sekretær om å undersøkje om ein kan få nokre slike eksemplar.

### **Meldesak 5) Invitasjon til landskonferansen**

Program for landskonferansen for fylkeskommunale råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2019 ligg ved. Den skal vere i Trondheim 25-26 september. Påmeldingsfristen er 15. august.

Konklusjon: Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek invitasjonen til vitande. Odd Atle og Anita ynskjer å reise. Bente, Magnus og Erlend ynskjer også å delta men må undersøkje om dei har mogelegheit.

**Framlegg til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.

2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak.

**Avrøysting:**

Samrøystes.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Framlegg til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak.

-----

**SAK 7/19            Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - ny handelsføresegn**

**Det låg føre slik tilråding til vedtak:**

**Høyrings svar til ny regional handelsføresegn i Sogn og Fjordane:**

Innspel i frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjons evne:

«Det er viktig at universell utforming er teke i vare når ein ferdigstiller handelsføresegna. Det bør vere eit overordna mål som blir nemnd i føresegna.  
*I punkt nr 4 under mål*, kan ein og nemne universell utforming som ein kvalitet som må vere på plass. Det er viktig at ein sikrar likeverd og inkludering for alle menneske i samfunnet.»

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Høyrings svar til ny regional handelsføresegn i Sogn og Fjordane:**

Innspel i frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjons evne:

«Det er viktig at universell utforming er teke i vare når ein ferdigstiller handelsføresegna. Det bør vere eit overordna mål som blir nemnd i føresegna.  
*I punkt nr 4 under mål*, kan ein og nemne universell utforming som ein kvalitet som må vere på plass. Det er viktig at ein sikrar likeverd og inkludering for alle menneske i samfunnet.»

-----